

---

**Fra:** Ole Bakkebo <olebakkebo@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 27. februar 2020 10:38  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Fwd: ArkivsakID: 18/1541 - Ulovlighetsoppfølging GBNR 58/81 Lygre indre - mogeleg ulovleg tiltak

Alver kommune v/ Per Sveinar Morsund.

Viser til vedlagde korrespondanse ( og arkivreferanse) om kloakk og dobbel dør på gnr/bnr 58/81 Lygre Indre.

1. Vi venter no at Alver kommune kan gjere greie for status i sak om angiveleg ulovleg utløp av kloakk i naustevågen. Det er ei viktig sak for både grunneigarlaget og dei folka som soknar til – og brukar kaien. I tillegg kjem turistar og båtfolk som nyttar kaien på veg mot Lyngheisenteret. Tiltaket etter vår vurdering er ulovleg. Det er søknadspliktig. Det er berre kommunen som har mynde til å gjere noko i saka. Saka har no lagt i kommune i knapt 2 år. Vi vil no bli kjent med kva kommunen har føreteke seg.
2. Når det gjeld oppføring av dobbel dør i front mot kaien, kan vi ikkje sjå at denne døra er omsøkt til Lindås kommune. Den er heller ikkje varsla til naboar eller eigar av grunnen. Vi ser at kommunen skriv at «*dette ikkje forhold som er vurdert ulovleg av kommunen/vil prioritere oppfølging av på noværande tidspunkt*». Etter nærmare avklaring med advokat om forståing av lovverket på dette punktet, er det klart at fasadeendringar på bygg ( dører/vinduer/altanar ) søknadspliktig etter plan og bygningslova, jmf sitat :

Plan og bygnlov § 1-6.Tiltak

*Med tiltak etter loven menes oppføring, riving, endring, herunder fasadeendringer, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, samt terrenginngrep og opprettelse og endring av eiendom, jf. § 20-1 første ledd bokstav a til m. Som tiltak regnes også annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner.* Vi legg ved bilde av dobbeldør i meieribygget mot kaifront. Dersom denne bestemmelsen i P&B i det heile skal ha relevans, så gjeld det nettopp i dette tilfellet : Kaien er bruksområde, blir brukt av almenta og tiltaket er openbert privatiserande.

3. Vi vil no få klarlagt om kommunen med dette meiner at tiltaket faktisk **ikkje er ulovleg**. I såfall meiner vi at denne oppfatninga og påfølgjande henlegging av saka, er å oppfatte som eit **enkeltvedtak**. Det vil dette vedtaket følgeleg vere adgang til å **påklage** til Fylkesmannen. Dersom vi derimot skal forstå kommunen slik at dei ikkje hadde anledning **til å prioritere saka** på dåverande tidspunkt stiller saka seg annleis. Då ber vi om at **kommunen no følgjer opp** saka : Det kan ikkje vere særleg arbeidskrevjande for kommunen å be eigar av bygget om søkje om det søknadspliktige tiltaket. Vi ber

kommunen avklare sitt standpunkt i det spørsmålet som her er reist, slik at vi evt kan kome vidare i ei sak som opptek bygdefolket.

4. Vi merkar oss at riving av kaibygget i henhold til nevnte paragraf i P&B også er søknadspliktig og vi undrar oss framleis på at kommunen ikkje har lagt særleg interesse i å følge denne delen av saka. Vi viser til tidlegare korrespondanse om det som har skjedd. Etter vår oppfatning vil politiet ha prioritert denne saka på ein heilt anna måte om Lindås kommune hadde tatt opp denne saka. Dette er sterkt å beklage.

Vi imøteser no raskt svar på dette brevet.

For styret i Lygra kai og grunneigarlag

Ole Bakkebø



Lindås kommune

Byggesak.

Me viser til tidlegare korrespondanse i sak om søknad om dispensasjon for å bygge opp att bryggjehuset på kaien på Lygra grn/brn 58/14.

Vedlagt bilete slik det var før bryggjehuset vart reve.

Eigaren av meieret (grn/brn 58/81), Aage Vagleik Nyhammar, har i brev til grunneigarlaget sett spørsmål om gjenoppføring av denne bygningen og meiner at det tiltaket vil kome i konflikt med oppført altan på meieribygget. Det dreier seg om nedløp av takrenner mm og forsåvidt brannfare osv som vil kome i konflikt med gjenoppføring av bryggjehuset. Han ynskjer av desse og andre grunnar at bygget vert flytta lenger bak på kaien. Opphavelag var det ikkje altan på dette bygget. I utgangspunktet ynskjer Nyhammar at bryggjehuset ikkje vert sett opp att.

Før me går vidare med denne saka vil me ha avklart status for denne altanen. Me har no gått i gjennom korrespondanse frå eigar av meieribygget /kommunen om nabovarsel for denne altanen og kan ikkje sjå at me har fått skriftleg varsel om oppføring av nemnde altan på dette bygget. Tidlegare formenn for grunneigarlaget er heller ikkje kjent med dette. Me oppfatar at ei slikt tiltak vil kreve byggesøknad og dispensasjonsvedtak før slikt arbeid kan setjast i gang og at grunneigarlaget i denne samanheng vil ha krav om nabovarsel. Altanen vart sett opp rundt 1990, og den går inn over naboegedommen (kaien).

I tillegg er fasade på kaihuset endra ved at det er sett opp dobbeldør på meieriet. Dette arbeidet er gjennomført i 2017/2018 og me kan ikkje sjå at vi har motteke nabovarsel på dette tiltaket. Slik me forstår regelverket er fasadeendring søknadspliktig. Sjå bilete før og etter.

Vidare vil vi at kommunen gjer opp status for kloakkløsning på dette bygget og kva krav kommunen har sett til avløp, septik og rensing av kloakken. Slik me oppfatar status pr idag, så går kloakk rett ut i sjø ved kaien.

Før Lygra Kai og Grunneigarlag tek standpunkt til gjenoppføring av bryggjehuset med alle dei kostnader, søknader og prosesser med full byggesakshandsaming dette inneber,

så ynskjer laget at kommunen gjer opp status på dei tre sakene vi har teke opp i dette brevet.

Med helsing

Olav Bjørn Lygre

for styret i Lygra Kai og Grunneigarlag

-----  
From: **Per Sveinar Morsund** <[per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no](mailto:per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no)>  
Date: man. 4. mar. 2019 kl. 13:43  
Subject: SV: ArkivsakID: 18/1541 - Ulovlighetsoppfølging GBNR 58/81 Lygre indre -  
mogeleg ulovleg tiltak  
To: Olav Bjørn Lygre <[olav.bjorn.lygre@gmail.com](mailto:olav.bjorn.lygre@gmail.com)>

Hei,

Kommunen har tilskrive grunneigar og bedt om redegjørelse i forhold til kloakksituasjonen.  
Frist for svar er sett til 30.03.19

Når det gjeld etablert altan og dobbel dør er dette ikkje forhold som er vurdert ulovleg av kommunen/vil prioritere oppfølging av på noværande tidspunkt.

**Per Sveinar Morsund** | rådgjevar byggesak

E-post: [per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no](mailto:per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 54 66  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

